




POPULÆR

Maja Gåserud Blø og Martinus Olsen Myrstad i 3. klasse ved Hildre Montessoriskule synest det er stas å arbeide saman med lærling Nikolai Hildre Sårheim. Foto: Linda Bakken

Variert og kjekt på skulen

Nikolai Hildre Sårheim (19) trivst med ein variert kvardag ved Hildre Montessoriskule. Ungane synest det er stas med ein ung og kvikk vaksen.

– Eg ligg vel kanskje ganske høgt opp på rangeringslista, innrømmer Sårheim og ler. Det er underskot av mannfolk i skulen. Når mannen i tillegg er ung, rask, og kan finne på mykje gøy, er det populært for dei små.


Nikolai har gått VG1 helse og oppvekst. På VG2 kan ein velje mellom helsefag eller barne- og ungdomsfag. Sårheim valde det siste.

– Eg har alltid likt å arbeide med barn. Det er kjekt å bygge opp gode relasjonar, bidra til at ungane har det bra og lærer

noko nytt. Det er ingen A4-jobb, men ein jobb med mange gode utfordringar kvar dag. Det synes eg er kjekt, seier Nikolai.

Nikolai kjem frå Hildre, og det var naturleg for ham å søke

For meg er variasjon veldig viktig.



læreplass på Hildre. Etter eitt år ved barnehagen, er han no lærling som barne- og ungdomsarbeidar ved Hildre Montessoriskule.

Fagbrev

– Forhåpentlegvis kan eg ta fagbrev til våren, seier Nikolai. I så fall kan han ta seg jobb som fagarbeidar i skule eller barnehage. Han kan og velje å ta påbyggingsfag for å få generell studiekompetanse, eller studere vidare innan fagretninga, eventuelt for å bli miljøarbeidar eller lærar.

Nikolai trivst godt med jobben og er uansett viss på at han vil arbeide innan feltet.

– For meg er variasjon veldig viktig. Ein kontorjobb er ikkje noko for meg. Eg trivst med å være aktiv, samarbeid med andre og skape relasjon til

andre menneske. Det er absolutt ei retning eg kan anbefale, avsluttar Nikolai, før han vender fokuset attende til 3. klassingane.

Ved Hildre Montessoriskule er Nikolai ein av to menn blant 17 lærarar og assistentar. Både lokalt og på landsbasis er det stor etterspurnad etter menn i barnehagar og småskule.

– Vi er særst fornøgde med arbeidet Nikolai utfører hos oss og vil gjerne ha han med vidare når han er ferdig med fagbrevet, seier Nina Hildre, dagleg leiar ved Hildre Montessoriskule. Ho ser ikkje bort frå at skulen vil ta i mot fleire lærlingar framover.

LINDA BAKKEN
linda@nordrenett.no